



Førarkortforskrifta i klinisk praksis Plankekøyring eller dilemma?

Øyvind Watne
Overlege Tiller DPS

Legeverksemd

- Klinisk arbeid
 - Diagnostikk
 - Behandling
- Forvaltning

Tiller DPS

Forvaltning

- Styrt av lov og forskrift
- Overstyrer lege-pasientrelasjonen
- Eksplisitte og implisitte

Tiller DPS

Døme på eksplisitte forvaltingsoppgåver

- Sjukmelding
- Erklæring om uførleik
- ”Blå resept”
- Vurdering av tvangsparagraf etter LPH

Tiller DPS

Døme på implisitte forvaltingsoppgåver

- Melding til barnevernet
- Sjølvmondsrisikovurdering???
- Og altså: Vurdering for førarkort

Tiller DPS

Kasuistikk 1

- Kvinne 45 år – busett litt einbølt
- Søvnvanskar for >10 år sidan
 - Fekk Rivotril 0,5 mg med god verknad
 - Ingen doseauke over tid
- Ny fastlege les legemiddellista i forskrifta:
 - Bruk av klonazepam ikkje foreinleg med rett til førarkort
- Utprøving av alternativ medikasjon
 - Mista søvnen. Angst, uro, redd for å miste jobben

Kasuistikk 1 – framhald

- Oppstart med Rivotril att
 - Søvnem kom attende, god jobbfungering
- Vist til spesialistvurdering
 - Alternativ medikasjon/løysing for søvnplagene?

Kasuistikk 2

- Kvinne vel 40 år gamal
- Omfattande somatiske plager, subjektiv ineffektiv behandling med mykje smerter
- Heimebesøk i samband med "samanbrot" knytt til oppleving av manglande hjelp for somatisk sjukdom
- Fast eventuellbruk av:
 - Paralgin forte 4-8 tablettar dagleg
 - Valium 5 mg 3 – 7 tablettar dagleg
 - Sobril 15 mg inntil 3 ggr. dagleg

Tiller DPS

Kasuistikk 2 – framhald

- Opplevd vanskar med kontakt med fastlege, vurdert fastlegebyte, men vore redd for at det då ville verte vanskelegare med reseptar
- Psykiatrisk status presens: Ikkje teikn til alvorleg psykisk liding
- Vist til ordinær poliklinisk behandling
- To bilar på tunet (to vaksne i heimen).
- Skulle vi gjort meir?

Kasuistikk 3

- Kvinne 55 år
- Psykisk strev gjennom mange år, fleire seansar med psykoterapi med uviss effekt
- Diagnostisert med schizofreni 52 år gamal (første gongen)
- Sett på antipsykotisk medikasjon
- Dårleg emosjonell og sosial fungering
- Dårleg kontaktevne, stereotype rørsler utan meining

Tiller DPS

Kasuistikk 3 – framhald

- Skjør arbeidsallianse
- Ingen mistanke om psykose
- Inga endring i tilstanden etter seponering av antipsykotika
- Noko nær dagleg inntak av alkohol – typisk fire einingar dagleg
- Attåt noko Sobril (funne ein ”grei” fastlege)
- Retrospektiv vurdering av episoden som førte til tvangsinnlegging med schizofrenidiagnostikk talar for at forvirringa den gongen var utløyst av alkoholoverforbruk
- Eg veit ikkje om ho køyrer vil – men trur det ikkje....